

Holmedal montessoriskule

Årsmelding for 2010

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Dagny Sagosen Haugsvær, Olga Ask, Ann Mari Søreide, Lisbeth Fokker, Ank de Jong, Even Bøthun (frå 1. august, lærar/assistent/dataansvarleg), Øyvind Selvik (musikk) og Henny Vågane (kunst og handverk, deltid). Assistentar: Henny Vågane og Torbjørg Aasen. Kontormedarbeidar: Tove Vadøy. Reinhaldar: Synnøve Krogenes. Magne Follevåg har hatt godtgjersle for noko vaktmeisterarbeid. I tillegg har Alice Eimhjellen og Karoline Skarstein arbeidd på SFO og fleire vikarar arbeidd ved skulen i kortare og lengre tidsrom. Are Morten Follevåg er tilsett i lærarvikariat frå mars 2011.

Lisbeth Fokker og Even Bøthun har blitt tildelt stipend til montessoriutdanning mot bindingstid ved skulen. Oddveig Lyngstad har teke til på rektorutdanning som styret i 2009 vedtok å gje økonomisk støtte til.

Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Nina Rivedal, Jørgen Wiik, Ann Linn Ekeland (foreldrerepresentant) og Mona Rivedal (foreldrerepresentant). Vara: Ann Kristin Ask Torsheim og Odd Jarle Øvreås. Representant for pedagogisk personale i styret: Ank de Jong. Representant for anna personale: Tove Vadøy. Valnemnd: Monica Kjørvik og Terje Mork. Styret har hatt 7 møte i løpet av året.

Elevtalet var 42 ved årsskiftet 2009/10. Om hausten gjekk det ut 6 elevar mens det tok til 7 førsteklassingar, slik at elevtalet auka til 43. Det er søkt om å få utvide maksimalt elevtal til 50. Søknaden var framleis til handsaming då årsmeldinga vart skriven. Styret har gått gjennom inntaksreglementet og har lagt inn nokre nye kriterium for prioritering ved inntak.

Skulen har vore delt i to slik at 1.-3. klasse utgjorde gruppe 1 og 4.-7. klasse i gruppe 2. Skulen har gjeve tilbod om leksehjelp, og hatt SFO-ordning to ettermiddagar i veka og sju dagar i sommarferien.

Av større investeringar i bygget som har blitt utført kan nemnast oppgradering av datanettverk, maling og møblering av lærarrom og maling av utvendige vegger. Utgifter til dette har blitt dekkja over investeringsfondet. Styret har drøfta å tilsetje løna vaktmeister, men saka er førebels lagt bort. Styret har elles forhandla fram ny leigeavtale med Jens Helgheim om tilleggsareal bak skulen og parkeringsplass.

Lærarane var i april på inspirasjonstur til montessoriskulane i Bærum og Jareteigen. Dei tilsette har no fått pensjonsordning i Statens Pensjonskasse. Skulen har også inngått tariffavtale med Utdanningsforbundet gjennom HSH, der vi er medlem. Skulen søkte om å få arrangere landsmøte for Norsk Montessoriforbund i 2011, men forbundsstyret vedtok å leggje landsmøtet til Steinkjer.

Skulen har arrangert open dag og julemarknad slik som tidlegare år, dessutan ein eigne temadagar om vikingtida. 7. klasse har hatt organisert kafé til inntekt for skuletur kommande år. Noko lengre skuletur for alle elevane blei ikkje prioritert i 2010.

Martine Hestnes Vatland frå Waterpark vitja skulen i to dagar i mars. I samband med dette hadde ho eit foredrag for foreldra på førre årsmøte. Skulen har drive informasjon gjennom sine eigne heimesider på domenet www.holmedalmontessoriskule.no

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gaute Losnegård, leiar